



Arkivnr: 2014/10499-24
Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.08.2014

Godkjenning av 5 prosjektrekneskapar innan skulesektoren

Samandrag

Deloitte har stadfesta at prosjektrekneskapa gjev eit rettvisande bilete av at prosjekta og er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Fylkesrådmannen tilrår i saka at dei 5 prosjektrekneskapane vert godkjent. Totalt budsjett/kostnadsramme for dei 5 prosjekta var på 48,435 mill. kr og rekneskapen totalt er på totalt kr 52,957 mill. kr.

Dei 5 prosjekta er:

- Utmarksbygg ved Voss jordbruksskulegard, kostnad kr 934 867,-
- Opprusting av internat ved Manger følkehøgskule, kostnad kr 29 369 841,-
- Utbetring av inneklime ved Stend vgs, kostnad kr 20 745 564,-
- Brannsikringstiltak ved Knarvik vgs, kostnad kr 176 171,-
- Ombygging, inneklimatiltak og miljøsanering ved Bergen Katedralskole, kostnad kr 1 731 402,-

Kontrollutvalet har merka seg at det har teke sær lang tid å få fram prosjekt 2072 Voss jordbruksskulegard – Utmarksbygg til revisjon og politisk handsaming. Fylkesrådmannen vil følgje opp dette slik at prosjektrekneskapar vert lagt fram til revisjon og politisk handsaming innan rimeleg tid.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskapane i denne saka.
2. Fylkesrådmannen vil følgje opp slik at prosjektrekneskapar vert lagt fram til revisjon og politisk handsaming innan rimeleg tid.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet - Godkjenning av 5 prosjektrekneskar innan skulesektoren
- 2 Revisjonsberetning prosjekt 02072 Voss Jordbrukskulegard
- 3 Revisjonsberetning prosjekt 02012 Manger folkehøgskule
- 4 Revisjonsberetning prosjekt 03189 Stend vgs
- 5 Revisjonsberetning prosjekt 03216 Knarvik vgs
- 6 Revisjonsberetning prosjekt 03225 Bergen Katedralskole

Fylkesrådmannen, 08.08.2014

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Om den einskilde prosjektrekneskapan ikkje tilfredstillar eitt eller begge desse kriteria vert prosjektrekneskapan ikkje leger lagt fram som eigne saker i kontrollutvalet for vidare handsaming i fylkesutvalet eventuelt i fylkestinget.

I brev dagsett 04.06.2014, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapa gjev eit rettvisande bilete av at prosjekta og er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.

Oversyn over 5 prosjektrekneskar						
Rekneskapsført: Januar - april 2014			Revidert: Juni 2014			
Prosj.nr.	Eining	Føremål	Ophavleg budjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
2072	Voss Jordbrukskulegard	Utmarksbygg	kr 575 000	kr 934 867	-kr 359 867	-62,6 %
2102	Manger folkehøgskule	Opprustning internat	kr 25 500 000	kr 29 369 841	-kr 3 869 841	-15,2 %
3189	Stend vgs	Inneklima mv.	kr 20 700 000	kr 20 745 564		
3216	Knarvik vgs	Brannsikringstiltak	kr 160 000	kr 176 171	-kr 16 171	-10,1 %
3225	Bergen Katedralskole	Ombygging/inneklima/miljøsanering	kr 1 500 000	kr 1 731 402	-kr 231 402	-15,4 %
TOTALT			kr 48 435 000	kr 52 957 845		

Kontrollutvalet handsama saka i møte 18.06.2014 og merkar seg at det har teke sær lang tid å få fram prosjekt 2072 Voss jordbrukskulegard – Utmarksbygg til revisjon og politisk handsaming.

Med dette tillegget i nytt punkt 3 vart slikt vedtak samrøystes vedteke av kontrollutvalet:

«

Uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapa gjev eit rettvisande bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Kontrollutvalet oppmodar fylkesrådmannen om å syta for at prosjektrekneskaper for framtida vert lagt fram til revisjon og politisk handsaming innan rimeleg tid.
4. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapane.

«

Fylkesrådmannen vil følgje opp punkt 3 slik at prosjektrekneskar vert lagt fram til revisjon og politisk handsaming innan rimeleg tid.

